

Fullt hus og tomt for komla

08.07.2012



Full fart på Systrene Nilsen!

Systrene Nilsen har god vind i segla  
også denne sesongen og det  
gjeld ikkje berre skaldyrkveldane. Også under pubkvelden  
laurdag var det fullt hus. Det var til tider kø med  
minst 15-20 som måtte vente ei god stund før dei slapp inn.  
Sjølv om det var mykje folk, gjikk alt pynteteg føre seg.

I dag sundag har maten vore i fokus og Karoline Neset og staben hennes lokka med komla i tillegg til den vanlege menyen.

Også det slo an, for dei 40 posjonane som var laga  
gjekk raskt unna. Truleg hadde lageret vore tømt sjølv om det hadde vore  
laga dobbelt så mykje.

Og neste sundag kjem ein ny rett....  
Vert det kjøttkaker montru?.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen